



Møtereferat

Føremål: Referat - Koordineringsrådet 31. mai 2018
Møtetid: 1000-1430
Stad: Førde sentralsjukehus, møterom 4, 2.etg
Referent: Reidun Berg
Møteleiar: Arve Varden
Saksnr: 2017/4149

Deltakarar			
Namn	Tittel	Eining	Forfall
Arve Varden	Administrerande direktør, leiar	Helse Førde HF	
Børge Tvedt	Klinikkdirektør Psykisk helsevern, nestleiar	Helse Førde HF	Frå kl.1130
Tone Holvik	Stadleg leiar, Nordfjord sjukehus	Helse Førde HF	Vara for Tvedt frå kl.1130
Olav Hesjedal	Direktør Medisinsk klinikk	Helse Førde HF	
Kristine B. Longfellow	Fagdirektør	Helse Førde HF	
Anne Kristin Kleiven	Utviklingsdirektør	Helse Førde HF	Frå kl.1245
Margun Thue	Stadleg leiar, Lærdal sjukehus	Helse Førde HF	Vara for Kleiven frå kl.1245
Stig Igland	Samhandlingssjef/avdelingssjef Sekretariat/vararepresentant	Helse Førde HF	
Øyvind Bang-Olsen	Rådmann	Naustdal kommune/Sunnfjord	
Alf Olsen jr.	Rådmann	Lærdal kommune/Sogn	Forfall, vara kunne ikkje møte
Martin Lundegård	Rådmann	Fjaler kommune/HAFS	
Tom Joensen	Rådmann	Bremanger kommune/Nordfjord	
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Flora kommune/Fagrådet	
Audun Nedrebø	Leiar	Felles Brukarutval i Sogn og fjordane	
Gry Borghild Sætre	Nestleiar	Felles Brukarutval i Sogn og fjordane	
Observatørar:			
Per Stensland	Fylkeslege	Fylkesmannen i Sogn og fjordane	
Clara Øberg	Direktør for tannhelse	Sogn og Fjordane fylkeskommune	
Frode Kyrkjebø	Dagleg leiar	KS Sogn og fjordane.	
Elin-Therese Sørbotten	Interkommunal samhandlingskoordinator	Kommunane i Sogn og fjordane	



AGENDA

Nr	Sakliste	Ansvarleg
13/18	Velkommen, godkjenning av innkalling og sakliste	Stig Igland
14/18	Godkjenning av referat frå møte 250118	Stig Igland
15/18	Interkommunal samhandlingskoordinator	Frode Kyrkjebø
16/18	Felles Brukarutval a) Årsmelding 2017 b) Status budsjett, rekneskap og prognose	
17/18	Kommunepsykologar knytt til Psykisk helsevern	Børge Tvedt
18/18	Barnehusavdeling – korleis går arbeidet, og korleis er det tenkt organisert	Børge Tvedt og Toril Taklo
19/18	Arbeid med utviklingsplan for Helse Førde HF	Anne Kristin Kleiven
20/18	Pilotprosjekt på legevaktfeltet – søknad frå Sogn og Fjordane	Frode Kyrkjebø
21/18	Oppfølging av «BEST-trening»	Frode Kyrkjebø
22/18	Tilbakemeldingar frå regionale dagsamlingar knytt til avvik	Stig Igland
23/18	Samhandlingskonferansen 2018	Stig Igland
24/18	Prosess rekruttering av turnuslegar	Anne Kristin Kleiven
25/18	Kontaktmøter mellom KS og Helse Førde HF	Frode Kyrkjebø
26/18	Møteplan 2019	Frode Kyrkjebø/Stig Igland
27/18	Prehospital plan	Arve Varden
28/18	Open post/Eventuelt/evaluering av møte	Arve Varden

REFERAT

Nr	Innhald
13/18	Velkommen, godkjenning av innkalling og saksliste Varden ynskte velkommen. Presentasjon av møtedeltakarar. <u>Vedtak</u> : Innkalling og sakliste vert godkjent
14/18	Godkjenning av referat møte frå 250118 Kort munnleg tilbakemelding på aksjonspunkt frå førre møte i Koordineringsrådet v/Igland. <u>Vedtak</u> : Referat frå møte i Koordineringsrådet 25.01.18 vert godkjent.
15/18	Interkommunal samhandlingskoordinator. <i>Viser til vedlagd presentasjon.</i> Frode Kyrkjebø informerer om Interkommunal samhandlingskoordinator. 23 av 26 kommunar i fylket har slutta seg til stillinga. Gulen, Solund og Hornindal er ikkje med per i dag. Elin-Therese Sørbotten som er tilsett som Interkommunal samhandlingskoordinator fortel kort om seg sjølv, og om utdanning og arbeidserfaring.



	<p>Koordineringsrådet ynsket Sørbotten velkommen, og ser fram til eit godt samarbeid.</p> <p><u>Vedtak:</u> 1) Koordineringsrådet tek informasjon om Samhandlingskoordinatoren til vitande.</p> <p><u>Pkt.2.) Utsett til neste møte i koordineringsrådet.</u> (Pkt.2. Koordineringsrådet godkjenner samhandlingskoordinatoren som fast medlem i Koordineringsrådet, Fagrådet og Avtaleutvalet).</p> <p>Årsak til det er mellom anna knytt til at KS/Kommunesida må ta stilling til om dei ynskjer den interkommunale samhandlingskoordinatoren som nytt medlem i tillegg til dei som er frå før, eller som nytt medlem i staden for ein av dei som er der frå før.</p> <p>Dette reiser og spørsmål til om samhandlingssjefen i Helse Førde HF og bør være medlem (og ikkje berre ha sekretariatfunksjon som i dag) slik at desse to funksjonane har lik status i samhandlingsorgana.</p> <p>Litt avhengig av kva løysing ein vel, så kan dette medføre at <u>Rammeavtalen mellom Helse Førde HF og den einskilde kommune</u> og må endrast.</p>
16/18	<p>Felles Brukarutval. Viser til vedlagd presentasjon, og saksdokumenta.</p> <p>a) Årsmelding 2017 b) Status budsjett, rekneskap og prognose</p> <p>Nedrebø informerte om årsmelding 2017, og om status budsjett, rekneskap og prognose.</p> <p>Det oppsette budsjett hadde ein overskriding på omtrent det doble av det som var oppsett.</p> <p>Aktiviteten til brukarutvalet har auka betrakteleg, men det er forventat at aktiviteten ikkje blir like stor i år. Reiseaktiviteten til brukarrepresentantane er stor. Brukarrepresentant er fast observatør i Helse Førde styret.</p> <ul style="list-style-type: none">- Ungdomsråd og brukarutval: her vil det bli utarbeida prosedyre, og ein vil bruke tid på å kople ungdomsråd og brukarutval.- Kommunane har eit potensiale i å sjå kva brukarrepresentantane bør og kan delta i.- Helse Førde har brukarmedverknad som fokus i sin utviklingsplan. <p><u>Vedtak:</u> a) Årsmelding 2017 Koordineringsrådet tar orienteringa til vitande, og ynskjer Felles Brukarutval lukke til vidare med det viktige arbeidet med å utvikle gode helsetenester for innbyggjarane i Sogn og Fjordane.</p> <p>b) Status budsjett, rekneskap og prognose Koordineringsrådet tar orienteringa til vitande, og føreset at Felles Brukarutval arbeider aktivt i høve til å halde seg innanfor tildelte budsjetttrammer for 2018.</p>
17/18	<p>Kommunepsykologar knytt til Psykisk helsevern. Viser til vedlagd presentasjon.</p> <p>Tvedt orienterar:</p>



	<p>Kommunane må bruke ressursane inn mot barn og unge i framtida, men det er ei utfordring med rekruttering og stabilitet i ressursane, og det må arbeidast både på system og individnivå.</p> <p><i>Det må rekrutterast, og ein må sjå på kva kompetanse kommunane treng for å drive førebyggjande.</i></p> <p><u>Vedtak:</u></p> <ol style="list-style-type: none">1) koordineringsrådet støtter at Helse Førde HF sender førespurnad til kommunane i Sogn og Fjordane om samarbeid om kommunepsykologar knytt til born og unge.2) Koordineringsrådet tilrår at ein startar med ein pilot anten i ein kommune, eller gjennom eit regionråd.3) Innhald og rammer for samarbeidet må avklarast mellom Helse Førde HF og kommune/Koordineringsrådet.
18/18	<p>Barnehusavdeling – korleis går arbeidet, og korleis er det tenkt organisert. <i>Viser til vedlagde presentasjonar</i></p> <p><u>Orientering</u> v/Tvedt - Barnehusavdeling</p> <p>Vest politidistrikt v/politimeister er eigar av prosjektet. Prosjektmandat er godkjent, og ein har mål om etablering den 01.09.18</p> <p>Helse Førde har ansvar for dei medisinske undersøkingane, mens Statens Barnehus i Bergen har dei ambulerande ressursane.</p> <p><u>Orientering</u> v/Anders Bjørkhaug og Solveig Berget.</p> <p>Ved Barnehuset skal det være lege tilstade ein dag kvar veke, men det er sannsynlig at det blir behov for fleire legar då det er tidkrevjande undersøkingar. Ein prøvar å rekruttere blant LIS-legane.</p> <p>Bjørkhaug sjølv hevar eiga kompetanse med eit kurs i haust, og eit på våren slik at han kan utføre sakkyndig vurderingar sjølv.</p> <p>Samarbeid med Haukeland universitetssjukehus er godt, og ein startar opp til oppsett dato.</p> <p>Bjørkhaug hadde tilbakemelding om samarbeid med radiologisk avdeling, og den vil direktør Hesjedal fylgje opp.</p> <p>Heve kompetansen for sosial pediatri, og ein ynskjer å få til ein fagdag for Sogn og fjordane i Førde.</p> <p><i>Tilbakemelding til Bjørkhaug for god informasjon, og til Helse Førde for å ha fokus på sosial pediatri.</i></p> <p><u>Orientering</u> v/ Kristin Konglevoll Fjell og Arne Johansen</p> <p>Kristin orienterte om prosjektgruppa - deltakarar. Frå Helse Førde er det avdelingssjef Psykisk helsevern for barn og unge Toril Taklo, og barnelege Anders Bjørkhaug. Frå tannhelsetenesta er det fylkestannlege Elisabeth Skrede. Politi fagansvarleg er Linda Åmelfot.</p> <p>Prosjektplan og budsjett er godkjent av Politidirektoratet.</p> <p>Lokale for Barnehus blir i Hafstadvegen 23-25 (<i>Førdetunet, sentrum sør</i>). Opning og drift før 01.10.18 Barnehuset blir opent to dagar i veka foreløpig.</p>



	<p>Det pågår eit viktig arbeid med å få til ein skriftleg samarbeidsavtale mellom politi/barnehus og kommunalt barnevern. Og det må forankrast på kommunalt nivå.</p> <p><u>Vedtak</u>: Koordineringsrådet tek orienteringa til vitande</p>
19/18	<p>Arbeid med utviklingsplan for Helse Førde HF. <i>Viser til vedlagd presentasjon.</i></p> <p>Ein utviklingsplan er ein overordna plan. Utviklingsplan blir utarbeida av alle føretaka i landet, og blir til ein nasjonal plan.</p> <p>Per i dag blir det arbeida med å lage oversikt over dei omlag 120 innkomne innspela.</p> <p>Utviklingsplanen blir lagt fram for styret i Helse Førde HF, den 22. juni 2018</p> <p><u>Vedtak</u>: Koordineringsrådet tek orienteringa til vitande.</p>
20/18	<p>Pilotprosjekt på legevaktfeltet – søknad frå Sogn og Fjordane.</p> <p>Orientering v/Kyrkjebø</p> <p>Søknaden blir sendt i dag.</p> <p>Det har vært ein positiv haldning i alle kommunane. Prosjektlearstilling – her er ikkje stillingsprosent avklara.</p> <p><u>Vedtak</u>: Koordineringsrådet støttar initiativet knytt til at Sogn og Fjordane søker om å bli pilotprosjekt på legevaktfeltet, og ønsker å bli orientert om svar på søknad og eventuell vidare framdrift knytt til realisering av pilotprosjekt.</p>
21/18	<p>Oppfølging av «BEST-trening»</p> <p>Orientering v/Kyrkjebø</p> <p>Behov for å etablere avtale med kommunane og «Best trening».</p> <p><i>Flora kommune er allereie i gang og har hatt si fyrste øving og planlagd sju treningar til før hausten.</i></p> <p><u>Vedtak</u>: Koordineringsrådet ber Avtaleutvalet om å syte for utarbeiding av delavtale om akuttmedisinsk samtrening i samråd med Fagrådet. Avtale leggast fram for godkjenning i neste møte i Koordineringsrådet.</p>
22/18	<p>Tilbakemeldingar frå regionale dagsamlingar knytt til avvik. <i>Viser til vedlagd presentasjon</i></p> <p>Orientering ved Irene Barmen Hoel og Stig Igland</p> <p>Tema som blei drøfta på samlingane: Vegring for å melde avvik til den andre parten, legemiddelsamstemming, bruk av Digipost og felles avvikssystem.</p> <ul style="list-style-type: none">- Den største utfordringa er legemiddelsamstemminga.- Poliklinikkane må òg kunne sende PLO meldingar



	<p><i>Det er dei same og gjentakande problema som blir tatt opp år etter år på erfaringskonferansane.</i></p> <p>Ein har ambisjon om å arrangere Erfaringskonferanse til hausten.</p> <ul style="list-style-type: none">- Samhandlingskoordinator inviterast på Erfaringskonferanse. <p><u>Vedtak</u>: Koordineringsrådet ber om at det blir gjennomført dagsamlingar i kvar region annakvart år.</p>
23/18	<p>Samhandlingskonferansen 2018</p> <p>Orientering v/Igland</p> <p>Gode tilbakemeldingar etter gjennomført Samhandlingskonferanse den 14. og 15. mars 2018</p> <ul style="list-style-type: none">- Endring av deltakarar i komité - Mona Holmefjord er erstatta av Christian Moltu <p><u>Vedtak</u>:</p> <ol style="list-style-type: none">1) Forslaget til programkomité blir vedtatt slik det ligg føre.2) Det overordna temaet for Samhandlingskonferansen 2019 blir «Framtidas pasient/Den moderne helsearbeidaren»3) Program komiteen får mandat til å starte planlegginga av Samhandlingskonferansen 2019, og får mandat til å fastsette tid og stad.
24/18	<p>Prosess rekruttering av turnuslegar. Viser til vedlagd presentasjon</p> <p>Orientering v/Longfellow</p> <p>Det har vært gjort eit omfattande arbeid ved søknadsprosessen, og prioriteringa av LIS søknader. Det var 572 LIS søknader våren 2018. Av desse er det tilsett 16 frå Norge, ein frå Sverige og ein tsjekkosllovakisk. Heile prosessen kring tilsetning av LIS1-legar er no formalisert.</p> <p>Det er viktig å rekruttere unge legar i dag for å utdanne vår eigne spesialister om fem til ti år.</p> <p>Helse Førde HF får svært gode tilbakemelding frå dei som har gjennomført LIS i Førde, men dei vel seg andre plassar å arbeide.</p> <p><u>Vedtak</u>: Koordineringsrådet tar orienteringa til vitande.</p>
25/18	<p>Kontaktmøter mellom KS og Helse Førde HF.</p> <p>Orientering v/Kyrkjebø</p> <p>Det vart tatt opp i eit Koordineringsrådet tidlegare at det var behov for eit samarbeidsmøte mellom KS og føretaksleiinga i Helse Førde HF</p> <p><i>Tilbakemelding er at ein må sjå litt på strukturane slik dei er i dag om det er for mange møter, men det er viktigaste at møta er nyttige og gode.</i></p> <p>Dei uformelle samarbeidsmøta mellom fylkeslegen og Helse Førde HF har vært svært positivt.</p> <p><u>Vedtak</u>:</p>



	<p>2) Koordineringsrådet tek informasjon om kontaktmøter mellom KS og føretaksleiinga i Helse Førde HF til vitande.</p> <p>3) Koordineringsrådet ber interkommunal samhandlingskoordinator og samhandlingssjef legge til rette for gjennomføring av neste kontaktmøte i haustsemesteret 2018</p>
26/18	<p>Møteplan 2019</p> <p>Orientering v/Igland</p> <p>Det blir også fire møte i 2019, møtestad blir endra slik at alle møta blir gjennomførte i ulike kommunar.</p> <p>Dato for møta, og kvar møte skal heldast blir tatt opp på neste møte i Koordineringsrådet i september. Møteplan for 2019 vil då og være ferdig utarbeid.</p> <p><u>Vedtak</u>: Koordineringsrådet tek informasjon om møteplan for 2019 til vitande, og ser positivt på at møta blir lagt ut i kommunane.</p>
27/18	<p>Prehospital plan. Viser til vedlagd presentasjon</p> <p>Orientering v/Varden</p> <p>Diskusjon kring responstid, vaktordningar, og sentralisert legevakt.</p> <p>Intensjonsavtale mellom kommunane i Sogn og Fjordane og Helse Førde HF. Søknad 3-årg pilot for legevaktsfeltet.</p> <p><u>Vedtak</u>:</p> <ol style="list-style-type: none">1) Gjensidig involvering og deltaking Helse Førde HF og kommunane ser at godt samarbeid er sentralt for å kunne utvikle og forbetre legevaktstenestene så vel som å utvikle sine prehospitala tenester. <p>Kommunane og helseføretaket vil difor prioritere aktiv deltaking i kvarandre sine utviklingsarbeid.</p> <ol style="list-style-type: none">2) Konkrete moglegheiter for deltaking ved spesialisthelsetenesta i ein ev. legevaktspilot Følgande konsept er aktuelle å arbeide vidare med /teste ut i eit pilotprosjekt i Sogn og fjordane:<ul style="list-style-type: none">- Ambulans (båt) som nivå 3 legevaktsatelitt (for øysamfunn med lang reiseveg til legevakt)- Samarbeid om bemanning (sjukepleiar) av nivå 2 legevaktstasjon lokalisert på sjukehus)- Samarbeid om akuttmedisinsk kursing, inkl. personell ved nivå 3 legevakter.
28/18	<p>Open post/eventuelt/evaluering av møtet</p> <p>Ingen saker melde til open post/eventuelt.</p> <p>Fylkeslege Per Stensland blir pensjonist frå hausten av, og har i dag sitt siste møte i Koordineringsrådet. Jan Helge Dale og Arve Varden takka Stensland for hans store engasjement, og eit svært godt samarbeid og ynskte han lukke til med pensjonisttilvære. Noko resten av Koordineringsrådet også slutta seg til.</p> <p><u>Evaluering av møte</u>: alle meldte tilbake at det hadde vært eit interessant og godt møte med ei positiv og god kraft. Det blei og meldt tilbake at det var eit godt samansett program i dag.</p>



Positivt at leiar no gjev eit så tydeleg og klart signal om at alle skal være med, og alle skal bli høyrte.
Stemminga mellom Helse Førde HF og kommunane er no eksepsjonelt god og med ei god atmosfære.

Nr	Aksjonspunkt	Ansvarleg	Tid
15/18	Pkt.2 i vedtak utsatt til neste møte. Settast opp som sak på neste møte i Koordineringsrådet.	Stig Iglund	
21/18	Avtale leggst fram for godkjenning - oppfølging av «BEST-trening» leggst fram i Koordineringsmøte i september 2018		